



**ØY  
GARD  
EN**

- eit fyrtårn i vest



**PLAN FOR FRAMTIDAS SKULE**

*Sjå meg*

2022

## Vedtak i Kommunestyret (KS) - 16.06.2022 - 055/22

1. Arbeidsutvalet for Framtidas skule har svart ut mandatet på ein god måte. Rapporten gjev innsyn i nasjonale føringar og aktuell forskning, og tilrådingane er i samsvar med desse føringane.
2. Kommunestyret sluttar seg til målsetjingar og tilrådingar til tiltak i Framtidas skule frå arbeidsutvalet.
3. Kommunestyret vedtek Framtidas skule med arbeidsutvalet sine tilrådingar slik dei kjem fram i handlingsplanen av rapporten;
  - a) Det vert etablert eit prosjekt med fokus på korleis gutar i grunnskulen kan motiverast til å delta i, og gjennomføre grunnskule og vidaregående skule.
  - b) Det må etablerast eit prosjekt som set fokus på mobbing i skulen, trakassering, psykisk helse og som kan bidra til god trivsel og ein inkluderande skule
4. Rapporten skal følgje den årlege handsaminga av kvalitetsmeldinga for skulane.

## Innhald

Forord.....	3
Innleiing.....	4
1. Bakgrunn .....	5
a) Utvalet sitt mandat.....	5
b) Oppretting av arbeidsutvalet.....	5
c) Møteplan.....	7
d) Tolking av mandatet.....	7
2. Samandrag.....	8
3. Statlege føringar .....	10
a) Kunnskapsløftet 2020 - Fagfornyinga.....	10
b) Prinsippa for læring – utvikling og danning, «Det doble oppdraget».....	10
c) Skulebasert vurdering.....	11
d) Nasjonale prøver/Skulebidragsindikatorar.....	12
e) Overgangen mellom barnehage og skule.....	13
f) Digitalisering i barnehager og skuler.....	13
4. Kunnskapsgrunnlaget.....	14
a) Sluttrapporten frå ekspertgruppe for skulebidrag.....	14
b) Kjønnsforskjeller i skoleprestasjonar og utdanningsløp (NOU 2019:3).....	16
c) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO.....	17
5. Status i Øygarden kommune .....	18
6. Kva vil vi oppnå?.....	21
7. Forventningar.....	22
7.1.1 Forventningar til politisk skuleeigar.....	23
7.1.2 Forventningar til administrativ skuleeigar.....	23
8. Handlingsplan .....	27
Lenkje til nasjonale utgreiingar og styringsdokument:.....	34

## PLAN FOR FRAMTIDAS SKULE

### Kontaktinformasjon:

Øygarden kommune

Postadresse: Ternholmvegen 2, 5337 Rong


Telefon: 56 16 00 00

Nettside: [www.oygarden.kommune.no](http://www.oygarden.kommune.no)

E-post: [postmottak@oygarden.kommune.no](mailto:postmottak@oygarden.kommune.no)

Framsida: Bjørøy skule





Arbeidsutvalet vil rette ein takk til alle som har bidratt i arbeidet med denne planen. Utvalet vil rette ein særskilt takk til professor Sølvi Lillejord, leiar i ekspertgruppa for skulebidrag, for hennar engasjement i arbeidet med Plan for framtidens skule.



*Plan for framtidens skule* er eit styringsdokument for skulane i Øygarden kommune. Det gir retning for arbeidet med kvalitetsutvikling og samhandling på alle nivåa i skulen, frå skuleeigar til elevar og foreldre. Planen byggjar på prinsippa i den overordna delen av læreplanen, forskning, rapportar og lovverk som omtalar korleis ein skal drive eit systematisk kvalitetsutviklingsarbeid for å løfte kvaliteten på opplæringa, til dømes gjennom [elevaktive arbeidsformer](#).

Det er òg teke omsyn til langsiktige målformuleringar i *Samfunnsdelen til kommuneplanen for Øygarden kommune 2022-2034* (samfunnsplanen), som skisserer retning og strategiar for vidare utvikling av kommunen. Informasjon om tilstanden og kvaliteten i skulane er henta frå *Kvalitetsrapport for grunnskulen i Øygarden kommune 2020-2021*.

*Plan for framtidens skule* har vore på høyring blant dei tilsette i skulen.

[Elevaktive arbeidsformer](#) inneber i stor grad læring gjennom utforskande arbeidsformar og aktivitet.

I undervisninga følgjer utforskande arbeidsformar tre trinn:

1. Eit spørsmål eller utfordring som er engasjerande for elevane.
2. Innsamling av data og informasjon frå bøker, filmar, personar, datakilder.
3. Bearbeiding og tolking av data og presentasjon av funn.



Landro skule  
Foto: Jøran Ingvaldsen

# 1. Bakgrunn

*Kvalitetsrapport for grunnskolen 2019-20* viser dårlege resultat på nasjonale prøver og Elevundersøkinga over tid. Det har vore ei utfordring at mange elevar scorar på det lågaste nivået på nasjonale prøve, og at for mange elevar har for lågt meistringsnivå innan grunnleggjande ferdigheiter som lesing og skriving. Kommunen skil seg også negativt ut når det gjeld motivasjon, elevdemokrati og medverknad. Elevundersøkinga viser at skular som strever mykje med mobbing har lågare læringsresultat. Det er difor viktig å setje inn lang- og kortsiktige tiltak for å betre undervisninga og læringsmiljøet, auke elevmedverknaden og sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø.

Kommunestyret oppnemnde i møte den 17. juni 2021 eit arbeidsutval med mandat til å få utarbeide ein plan for innhaldet i den framtidige skulen i Øygarden kommune for dei neste 30 åra.

## a) Utvalet sitt mandat

Arbeidsutvalet har utarbeidd ein plan for framtidias skule i Øygarden kommune. Mandatet er nedfelt i kommunestyret (KS) sitt vedtak i 01.06.2021 i sak 071/21 Plan for tiltak - Oppfølging av kvalitetsrapport for grunnskolen 2019-2020. Kommunestyret gjorde følgjande vedtak:

2. Grunnopplæringa skal bidra til å utvikle elevane sin kunnskap og kompetanse slik at dei kan bli aktive deltakarar i eit stadig meir kunnskapsintensivt samfunn. Samtidig skal skulen støtte elevane i deira personlege utvikling og identitetsutvikling (NOU 2015: 8 *Fremtidens skole – Fornytelse av fag og kompetanser*).
3. Kommunestyret ynskjer på bakgrunn av dette å få utarbeide ein plan for innhaldet i den framtidige skulen i Øygarden kommune for dei neste 30 åra.

## b) Oppretting av arbeidsutvalet

Kommunestyret (KS) vedtok i møte 17.06.2021 sak 089/21 å oppnemnde Utval for tenester og levekår (UTL) til å handtere arbeidet med *Plan for framtidias skule*. Partia som ikkje er representert i UTL kan delta med ein person kvar i UTL - møte når ein arbeider med planen. Arbeidstakarorganisasjonane vert inviterte til å delta med tre representantar.



Spildepollen skule  
Foto: Kjell Andersland



## Utvalet si samansetning

Politikar	Parti	Medlemstype
Jan Utكيلen	Sotralista (SL)	Utvaleiar
Ernst Morten Einarsen	Høgre (H)	Nestleiar
Espen Cornell Jacobsen	Arbeiderpartiet (AP)	Medlem
Linn Raaheim-Nordfonn	Arbeiderpartiet (AP)	Medlem
Per Reidar H. Wergeland Asheim	Folkets parti FNB	Medlem
Kristin Børve Jacobsen	Fremskrittspartiet (FRP)	Medlem
Robert Kaupang Sæle	Høgre (H)	Medlem
Vidar Klepsevick	Kristeleg folkeparti (KRF)	Medlem
Hogne Hole	Senterpartiet (SP)	Medlem
Eva Aarskog	Sosialistisk Venstreparti (SV)	Medlem

Politikar	Parti	Medlemstype
Hege Misje	Sotralista (SL)	Medlem
Børge Haugetun	Venstre (V)	
Nils Bjarte Sæle	Raudt	
Annette Henden	Miljøpartiet De Grønne (MDG)	
Anne-Merete Vabø Haugane	Kommunalsjef Oppvekst	Administrasjonen
Jon Erik Egeland	Ass. kommunalsjef Oppvekst	Administrasjonen
Anne Britt Fanekrog	Rådgjevar	Administrasjonen
Vibecke Hodnekvam	HTV Utdanningsforbundet	
Bodil Aleksandersen	HTV Fagforbundet	
Linda Selheim	HTV Skolelederforbundet	



Arbeidsutvalet  
Foto: Kjell Andersland

### c) Møteplan

For at arbeidsgruppa skulle få ei brei forståing av kva som er viktige faktorar for god kvalitet i skulen har møteplanen innehalde ulike tema. Tema som er valde ut har bakgrunn i forskning og nasjonale satsingar, og starta med framlegg av rapport *En skole for vår tid 2021* v/Sølvi Lillejord, ein rapport som har prega innhaldet i denne planen.

### d) Tolking av mandatet

Utvalet har lagt til grunn samfunnet sine forventningar til skulen som er formulert i § 1-1 i opplæringslova, og skal i den samanheng vurdere korleis skuleeigar og skular betre kan drive eit systematisk kvalitetsutviklingsarbeid for å løfte kvaliteten på opplæringa for elevane. Utvalet vil ta utgangspunkt i kjend forskning og litteratur for å sjå kva faktorar som kjenneteiknar skular og kommunar som lukkast best med å løfte kvaliteten på opplæringa for elevane, og på den bakgrunn fremje tiltak for å nå intensjonane i opplæringslova.

Månad	Dato	Tema
September 2021	22.	<i>En skole for vår tid 2021</i> - framlegg av forskingsrapport v/Sølvi Lillejord
Oktober	20.	Involvering gjev betre læring. Konsekvens for kvalitet i skulen? v/ Ingelin Burkeland
November	01.*	Skuleleiarsamling der arbeidsgruppa vart invitert, dialogkafe om kvalitet i den einskilde skule
	17.	Skuleleiarrolla v/ Jon Erik Egeland
	24.*	Inkludering v/Erik Nordgreen, Oppvekstleiarsamling der arbeidsgruppa vart invitert
Januar 2022	25.*	Profesjonens beste, systemets beste eller barnets beste v/ Thomas Nordahl, oppvekstleiarsamling der arbeidsgruppa vart invitert med.
Februar	02.	«Kva gjer dei i andre land som Øygarden kunne ha nytte av å prøve ut?» v/Sølvi Lillejord
Mars	09.	Gjennomgang av utkast til Plan for framtidens skule
April	06.	Ferdig utkast til rapport. Utkast til rapport vert sendt ut på høyring den 19. april til skulane med frist 29. april. Oppnemning av redaksjonell arbeidsgruppe. Dialogmøte med Sølvi Lillejord den 19. april om innhaldet i utkast til rapport
Mai	18.	Slutthandsaming av rapporten om framtidens skule i arbeidsutvalet
Juni	01	Slutthandsaming av rapporten om framtidens skule i UTL

\*Møte i kursiv er samlingar i oppvekst der arbeidsgruppa er invitert med.

## 2. Samandrag

Kommunestyret (KS) vedtok i møte 17.06.2021 sak 089/21 å oppnemne Utvalet for tenester og levekår (UTL) til å fremje ein plan for innhaldet i den framtidige skulen i Øygarden kommune for dei neste 30 åra. Utvalet vart supplert med dei tre partia som ikkje er representert i UTL og tre representantar frå arbeidstakarorganisasjonane. Administrasjonen har vore sekretariat for arbeidet.

Utvalet har tatt utgangspunkt i statlege føringar. Kunnskapsløftet 2020 er ei norsk skulereform som omfattar heile grunnskuleopplæringa. Reforma har ført til endringar av innhald, organisasjon og struktur i skulen med nye læreplanar for dei fleste faga, omtala som Fagfornyninga. Grunnskuleopplæringa er ein viktig del av ein livslang danningssprosess. Skulen har både eit danningssoppdrag og eit utdanningsoppdrag - «Det doble oppdraget». Skulebasert vurdering er ei lovpålagt føring for å sikre systematisk arbeid med kvaliteten på opplæringa. Kommunen skal sørge for at skulane jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i læreplanverket for Kunnskapsløftet. Dei nasjonale prøvene skal gi skulane kunnskap om elevane sine grunnleggjande ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk. Skulebidragsindikatorane er

eit gjennomsnitt av resultatane elevane har oppnådd, justert for elevane sine tidlegare resultat og familiebakgrunn. Kommunen utarbeider ein årleg kvalitetsmelding i grunnskuleopplæringa knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, som vert lagt fram for kommunestyret.

Utvalet har med utgangspunkt i kjend forskning og litteratur sett på kva som kjenneteiknar skular og kommunar som lukkast best med å løfte kvaliteten på opplæringa for elevane. Kunnskapsgrunnlaget for denne planen er difor i all hovudsak tufta på tilrådingane frå sluttrapporten frå *Ekspertgruppen for skolebidrag, En skole for vår tid 2021*. Den viser at det er stor variasjon i kva grad skular og skuleeigar lukkast med systematisk arbeid med kvalitetsutvikling. Det som særleg kjenneteiknar skular som lukkast, er gode og engasjerte skuleleiarar, eit godt samarbeid mellom skuleeigar og skuleleiarar, samt medverknad av alle ledd i skulen.

Norges offentlege utgreiing (NOU 2019) *Nye sjansar – bedre læring – Kjønnsforskjeller i skoleprestasjonar og utdanningsløp* tilrår at «tidleg og tilpassa innsats» skal vere eit prinsipp for framlegg til tiltak i barnehagar og starten av grunnskulen. Utgreiinga tilrår difor at det vert oppretta eit nytt kunnskapsystem for barnehage og grunnopplæring organisert som såkalla forløpsdata.



Foto: Colourbox



Tidleg innsats betyr eit godt pedagogisk tilbod frå tidleg småbarnsalder, at barnehagar og skular arbeider for å forebygge utfordringar, og at tiltak vert sett inn med det same når ein avdekkjer utfordringar (St.meld 6 (2020-2022) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*). Nordahl-rapporten peikar på at for mange barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging ikkje får den hjelpa dei treng, og viser til at det er behov for ei langt meir systematisk og forpliktande tilnærming til barn og unge si læring, enn vi ser i mange barnehagar og skular i dag.

I *Kvalitetsrapport for grunnskulen 2020-21* for Øygarden kommune kjem det fram at det er ei utfordring at mange elevar scorar på det lågaste nivået på nasjonale prøver. Ein er spesielt uroa over at for mange elevar har for lågt meistringsnivå innan grunnleggjande ferdigheiter som lesing og skriving. I etterkant av kvalitetsrapporten vart det utarbeidd ein handlingsplan. Handlingsplanen skildrar langsiktige tiltak, ikkje berre for å hjelpe skular som over tid opplever dårlege resultat på nasjonale prøver, men også tiltak som vil gjelde for alle skular for å sikre kvalitet i begynnaropplæringa, overgangar og læringsmiljø.

Det vert sett opp mål som skal liggje til grunn for arbeidet i skulane. Dette er i tråd med tilrådinga i sluttrapporten frå ekspertgruppa for skulebidrag. Utvalet har i fleire møte drøfta underliggjande dokumentasjon om vegvala vidare for å nå dei måla som er sett. Det er i den samanheng stilt forventningar til både den politiske og den administrative leiinga, skuleleiarane, og skulane. Det er på den bakgrunn lagt fram forslag til tiltak for å lukkast med kvalitetsarbeidet i skulane. Utvalet tilrår at planen vert rullert i samband med den årlege handsaminga av kvalitetsmeldinga for skulane.



Knappskjog skule  
Foto: Kjell Andersland

### 3. Statlege føringar

Utvalet har henta relevant informasjon vedrørande regelverket for barnehagar og skular, som er tilgjengeleg hos Utdanningsdirektoratet.

#### a) Kunnskapsløftet 2020 - Fagfornyinga

*Kunnskapsløftet 2020* er ei norsk skule-reform som omfattar heile grunnopplæringa. Reforma har ført til endringar av skulen sitt innhald, organisasjon og struktur med nye læreplanar for dei fleste faga, omtalt som *Fagfornyinga*. Det er utarbeidd eit læreplanverk som utdjupar verdigrunlaget i formålsparagrafen til opplæringslova og dei overordna prinsippa for grunnopplæringa. Overordna del gir retning for opplæringa i fag, og alle fag bidreg til å realisere det breie formålet med opplæringa. Heile læreplanverket er grunnlaget for opplæringa, og dei ulike delane heng tett saman og må brukast saman (Utdanningsdirektoratet).

Overordna mål for reforma er at alle elevar i norsk skule skal utvikle grunnleggjande ferdigheiter og kompetanse, slik at dei kan delta aktivt i samfunnet. Skulen skal vere inkluderande, passe for alle, og alle elevane skal få dei same moglegheitane til å utvikle sine evner. I tillegg skal opplæringa motarbeide diskriminering, fremje demokrati, likestilling og venskapleg tenkemåte. Elevar skal gå ut av skulen med evne til kritisk

tenking og etisk og miljøbevisst handling, og med forståing av nasjonal og internasjonal kulturarv. Dei skal få utfolde skaparglede, engasjement og utforskartrong og ha medansvar og rett til medverknad.

#### b) Prinsippa for læring – utvikling og danning, «Det doble oppdraget»

Skulen har både eit dannelsingsoppdrag og eit utdanningsoppdrag. Dei heng saman og er gjensidig avhengige av kvarandre. Prinsippa for arbeid med læring, utvikling og danning skal hjelpe skulane til å løyse dette doble oppdraget.

Grunnopplæringa er ein viktig del av ein livslang dannelsingsprosess som har enkeltmennesket sin fridom, sjølvstende, ansvarlegheit og medmenneskelegdom som mål. Opplæringa skal gi elevane eit godt grunnlag for å forstå seg sjølv, andre og verda, og for å gjere gode val i livet. Opplæringa skal gi eit godt utgangspunkt for deltaking på alle område innafor utdanning, arbeids- og samfunnsliv (Utdanningsdirektoratet).

#### Utdanning:

- **Fagleg kompetanse i faga**
- **Grunnleggjande ferdigheiter**
- **Å lære å lære**

#### Danning:

- **Sosial læring og utvikling**
- **Folkehelse og livsmeistring**
- **Demokrati og medborgarskap**
- **Bærekraftig utvikling**




### c) Skulebasert vurdering

Skulebasert vurdering (opplæringslova § 2.1) er fundamentet for systematisk arbeid med kvalitetsutvikling i skulen.

Kommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå nasjonale kvalitetsvurderingar. Som ein del av oppfølgingsansvaret, skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av kommunestyret. Kommunen skal sørge for at skulane jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Skuleeigar har ansvar for å sørge for at vurderinga vert gjennomført (Opplæringslova § 13-3e om «[Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å arbeide med kvalitetsutvikling](#)»).

<sup>1</sup>Forskning tyder på at skulane sine vurderingar ofte har vore for tilfeldig organiserte, både når det gjeld kva område som har fått merksemd, og korleis vurderingane vert gjennomførte. Det vert difor sett på som



Figur 1 Modell for skulebasert vurdering

viktig for resultatet at aktørane har ei kritisk og analytisk haldning til det området som ein vel å vurdere systematisk, og korleis ein går fram for å ta resultatet av vurderinga i bruk på ein hensiktsmessig måte. Skule-

basert vurdering er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit verkemiddel i kvalitetsutviklingsarbeidet i skulen.

<sup>1</sup>Til dømes Emstad, A.B. (2014). Skolevurdering, verktøy for ledelse, læring og utvikling i skolen. Bergen: Fagbokforlaget. Cooc, N. (2019). Teaching students with special needs: International trends in school capacity and the need for teacher professional development. Teaching and Teacher Education, 83, 27-41.

#### d) Nasjonale prøver/Skulebidragsindikatorar

[Nasjonale prøver](#) er obligatoriske prøver som gir informasjon om elevferdigheter i lesing, rekning og engelsk. Prøvene vert gjennomførte om hausten, kort tid etter at elevane har starta på 5., 8. og 9. trinn, og informasjonen frå prøvene skal danne grunnlag for undervegsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå i skulesystemet. Nasjonale prøver utgjør eit avgrensa, men viktig grunnlag i den totale situasjonsbeskrivinga av norsk grunnopplæring, og må sjåast i samanheng med andre vurderings- og prøveformer. Dei nasjonale prøvene har blitt justerte slik at dei følgjer dei nye læreplanane i Fagfornyinga, og frå hausten 2022 vil dei innehalde ein ny lyttedel. Nye læreplanar og gjennomføring i nytt system får konsekvensar for måling av utvikling over tid. Det betyr at resultat frå prøver før 2022 ikkje nødvendigvis kan samanliknast direkte med resultatane frå 2022.

[Skulebidragsindikatorane](#) er eit gjennomsnittresultat av dei nasjonale prøvene for elevane på skulen, justert for elevane sine tidlegare resultat og/eller familiebakgrunn. Dei skal gi ein indikasjon på kva skulen sin innsats har å seie for elevane sine resultat. For å kunne måle skulen sitt bidrag, må vi

skilje ut den delen av læringsresultatet som skuldast dei føresetnadane elevane har med seg, og skulebidraget vert kontrollert for tidlegare elevprestasjonar. I tillegg vert det kontrollert for foreldrebakgrunn (foreldra sitt utdanningsnivå, hushaldningsinntekt og innvandringsbakgrunnen til elevane). Skulebidragsindikatorane gir inga forklaring på kvifor bidraget er som det er. Det må sjåast i samanheng med lokalt kunnskapsgrunnlag og anna tilgjengeleg informasjon om skulen sin tilstand, som læringsresultatet og læringsmiljø. Det er forhold med betydning for elevane sine resultat som vi ikkje kjenner eller ikkje kan måle. Det kan til dømes vere påverknad frå familie og vener eller sjukdom. Det er difor ikkje mogleg å reindyrke skulen sitt verkelege bidrag, men vi kan få ein indikasjon på skulen sitt bidrag (Statisk sentralbyrå (SSB) 2020/30 [Hva kjennetegner skoler og kommuner som bidrar mer, eller mindre enn forventet til elevenes læring?](#)).



Foto: Mostphotos



### e) Overgangen mellom barnehage og skule

Barnehagen er ei pedagogisk institusjon som gir barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. I samarbeid med foreldre og skulen legg barnehagen til rette for at barna får ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordning (SFO). Det skal vere gode rutinar for slikt samarbeid og barnehagen og skulen gir kvarandre gjensidig informasjon om sine verksemder. Det vert lagt til rette for at barn kan ta avskjed med barnehagen på ein god måte og glede seg til å begynne på skulen. Særleg for barn som har behov for særskilt tilrettelagt omsorgs- eller læringsmiljø og eventuelt spesialundervisning er det naudsynt med eit tett samarbeid mellom barnehage og skule.

Gode overgangar handlar både om at læringspotensialet hos det enkelte barnet vert ivaretatt, støtta og utvikla på eit tidleg tidspunkt, og at barnet i det vidare skuleløpet får moglegheit til å byggje på kunnskapar og erfaringar frå barnehagen. Ein god samanheng mellom barnehage og skule tek vare på behova barna har for tryggleik i ein overgangsprosess, og bidreg til at opplæringa er tilpassa det einskilde barnet allereie frå første skuledag.

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning (SFO) før og etter skuletid for barn på 1. – 4. trinn og for barn med særskilde behov på 1. – 7. trinn. SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, samt gje omsorg og tilsyn. Omsynet til barnas beste skal liggje til grunn når SFO samarbeider med foreldra, skule, barnehage og andre offentlege instansar (Utdanningsdirektoratet). SFO har frå hausten 2021 arbeidd etter [ny nasjonal rammeplan](#).

### f) Digitalisering i barnehager og skuler

Digitalisering gir rom for nye måtar å lære på, nye praksisar for vurderings og bruk av fleire ressursar. Det betyr at potensialet for ei meir tilpassa og inkluderande opplæring aukar. Samtidig fører digitaliseringa med seg nye krav til skulane, til dømes når det gjeld auka digital kompetanse blant dei tilsette, infrastruktur og ivaretaking av personvernet til elevar og lærarar. [Digitaliseringsstrategien for grunnsopplæringa \(2017–2020\)](#) vektlegg at dei digitale ferdighetene til elevane er ei føresetnad for livsmeistring og for å lukkast i utdanning, arbeid og samfunnsdeltaking (Utdanningsdirektoratet).



Foto: Pixabay

## 4. Kunnskapsgrunnlaget

Utvalet har i sitt arbeid nytta kjent forskning og litteratur som grunnlag for dei tilrådingar som vert fremma. Samstundes som utvalet starta sitt arbeid vart [Sluttrapporten frå ekspertgruppe for skulebidrag, En skole for vår tid 2021](#) lagt fram. Denne tar opp mykje av det som er nedfelt i mandatet til utvalet, og gir klare tilrådingar om korleis ein kan heve kvaliteten på innhaldet i skulane. Kunnskapsgrunnlaget for denne planen er difor i all hovudsak tufta på tilrådingane frå denne rapporten.

### a) Sluttrapporten frå ekspertgruppe for skulebidrag

Sluttrapporten tek for seg det norske kvalitetsvurderingssystemet i skulen, som gir mykje informasjon om læringsresultata til elevane. I rapporten kjem det fram at det er stor variasjon i kva grad skular og skuleeigar lukkast med systematisk arbeid med kvalitetsutvikling. Samarbeid mellom dei ulike nivåa i skulen og å skape ei felles forståing om prinsipp for god kvalitetsutvikling er naudsynt. Ein må vere samde om korleis resultat skal følgjast opp, og tala må verte presenterte på ein slik måte at lærarane kan bruke dei. Skuleleiarane må sikre god balanse mellom fagleg læringsmiljø og sosialt fellesskap for å løyse skulen sitt doble

oppdrag; danning og utdanning. Ekspertgruppa viste til sosiologen James Coleman sin studie av fråfall i vidaregåande opplæring<sup>2</sup>. Ifølge Coleman vert sosial kapital utvikla i relasjonar mellom menneske, og det er vår sosiale kapital som bidreg til å utvikle vår humankapital. Elevar sin motivasjon til å fullføre heng saman med den sosiale kapitalen dei har rundt seg. Når skuleleiinga og lærarane tidleg etablerer gode relasjonar til elevane, vil dei oppleve at dei vaksne i skulen vil dei vel. Tillitsrelasjonar mellom vaksne og barn i barnehage og skule styrkar det sosiale fellesskapet, aukar elevane sin tillit til skulen og deira ønskje om å fullføre. Elevar som får medverke opplever skulen som truverdig og føreseieleg. Eit interessant trekk ved sosial kapital er at den er eit offentleg gode, seier Coleman, som trur at samfunnsutviklinga er slik at vi ikkje kan ta for gitt at alle barn veks opp i heimar som hjelper dei til å utvikle den sosiale og humane kapitalen dei treng for å lukkast i utdanning og arbeid. I skulen har barn og unge unik adgang til sosial kapital, som skulen må lære dei å utnytte.

I denne samanheng peikar sluttrapporten frå ekspertgruppa for skulebidrag kor viktig det er å få fleire yrkesgrupper inn i skulen. Dei besøkte skular med høgt bidrag til elevane si læring og mange elevar frå heimar med låg



Foto: Colourbox

sosioøkonomisk status (SØS). I desse skulane hadde skuleleiinga og skuleeigarnivået samarbeidd om å få fleire yrkes- og profesjonsgrupper inn i skulen. Rektorane meinte at dette var ein viktig grunn til at skulen hadde klart å auke skulen sitt bidrag til elevane si læring.

I planen *Framtidas skule* er det tatt utgangspunkt i tilrådingane frå ekspertgruppa. Dei har avdekka at kvalitetsutvikling i skulen vert påverka av kvaliteten på samhandlinga

<sup>2</sup> Coleman, J.S. (1988). Social capital in the creation of human capital. *American Journal of Sociology*, 94, 95–120.



mellom skuleeigar, skuleleiar, lærar og elev. Denne planen er difor delt inn etter dei ulike nivåa i skulen i tråd med rapporten; politisk skuleeigar, administrativ skuleeigar, skuleleiar, lærar, elev og foreldre. Dersom ein skal lukkast med kvalitetsutvikling treng ein medverknad på og frå alle ledd i skulen.

Ifølgje rapporten er gode og engasjerte skuleleiarar den viktigaste faktoren for å lukkast. Rapporten viser at skular med høg grad av medverknad også har høgt bidrag til læring hos elevane. «Medvirkning fra elever, lærere, skoleledere og skoleiere bidrar til å styrke skolens kunnskap og kompetanse og gjør at kunnskapen om skolen på nivåene over skolen øker» (*En skole for vår tid 2021*). Rapporten har ei omfattande referanseliste.

Trivsel, tryggleik, og ein føreseieleg skulekvardag er føresetnader for læring og utvikling. Medverknad, kunnskap, organisering og godt samarbeid vert trekte fram som viktige for motivasjon, læring og trivsel i sluttrapport frå ekspertgruppa for skulebidrag.

#### **Moment som kjem fram i rapporten:**

- **Lærarane driv utviklingsarbeidet, og leiinga er heile tida godt informert om kva dei held på med**
- **Utviklingskunnskapen kjem frå skulebasert vurdering**
- **Godt samarbeid prega av ei klar oppleving av at læringa til elevane er eit felles ansvar (mellom skuleeigar og skular, mellom skuleleiinga og lærarar, mellom lærarar og elevar)**
- **Skular med høgt bidrag til læringa til elevane har stor merksemd retta på dei sosiale sidene ved læringa**
- **Skuleleiarane i skular med høgt bidrag til læringa til elevane skjermar kjerneaktiviteten for "unødig støy"**
- **Skuleeigar utviklar og styrker sin skulefaglege kompetanse ved å lære av skulane om skulane**
- **Ein har respekt for kunnskap, ikkje berre den elevane skal få, men skulen sin eigen kunnskap om praksis**
- **Ein organiserer for systematisk kunnskapsutvikling, ein må jobbe med kompleksiteten, ikkje redusere den**
- **Ein har eit lag rundt lærar og elev**
- **Samordna innsats, kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling er éin prosess**
- **Det doble oppdrag i skulen må haldast stabilt**

## b) Kjønnsforskjeller i skoleprestasjoner og utdanningsløp (NOU 2019:3)

Noregs offentlege utgreiing ( NOU 2019): *Nye sjanser – bedre læring: Kjønnsforskjeller i skoleprestasjoner og utdanningsløp* syner at det i dag er tydelege forskjellar mellom kjønna på alle nivåa i utdanningssystemet og at det er ein sterk samanheng mellom utdanningsbakgrunnen til foreldra og skuleprestasjonane til barna. Kjønnsforskjellar i skuleprestasjonar i favør av jenter har vore stabile over tid.

Utgreiinga tilrår at «tidleg og tilpassa innsats» skal vere eit prinsipp for framlegg til tiltak i barnehagar og starten av grunnskulen. Utgreiinga meiner at dagens kunnskapssystem er utilstrekkeleg for å drive, utvikle og styre barnehagar og skular på ein etisk og forsvarleg måte. Det er uetisk av staten og kommunane å setje i verk eller oppretthalde tiltak og ordningar utan å vite om dei forbetrar eller forverrar resultatane i skulen og livssituasjonen til barn og ungdom. Utgreiinga tilrår difor at det vert oppretta eit nytt kunnskapssystem for barnehage og grunnopplæring organisert som såkalla forløpsdata. Dette er data som gjer at vi kan følgje den einskilde over tid og måle læring og utvikling på nokre viktige punkt gjennom opplærings- og livsløpet.

Dagens data frå skulen gir berre informasjon om elevane si læring frå 5. trinn og oppover, og mykje tyder på at mellom anna kjønnsforskjellane i læring oppstår langt tidlegare. Utan forløpsdata er det også umogleg å vite kva som er skulen sitt bidrag til læringa til elevane.

Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) er ein samhandlingsmodell som skildrar den samhengande innsatsen i og mellom tenester retta mot barn, unge og familiar som det er knytte bekymring til. For å sikre at barn og unge får den hjelpa og oppfølginga dei treng vert [BTI-modellen](#) nytta i Øygarden kommune. Den skal bidra til tidleg innsats, samordna tenester og samarbeid mellom familiar og kommunen.

Utgreiinga har gitt mange nasjonale tilrådingar som i utgangspunktet ikkje er relevante for denne planen, men ho set fokus på følgjande lokale tiltak, som bør vurderast i det vidare arbeidet.

- Innføre frivillig kartleggingsprøve i lesing på 3. trinn og gjere om på nasjonale prøver i lesing og rekning på 9. trinn
- Innføre system for informasjonsutveksling om barn og elevar si læring og utvikling mellom relevante kommunale nivå og tenester



Foto: Pixabay



- Innføre obligatorisk heildagsskule for alle elevar på 1.–4. trinn, men utan å utvide timetalet i faga
- Innføre at alle skular skal ha ein støttemodell med tre nivå: tilpassa støtte i ordinær undervisning, intensiv opplæring i kortare periodar og spesialundervisning etter sakkunnig vurdering
- Innføre enkeltvedtak om spesialundervisning som utløyser rett til spesialundervisning med personell med relevant spesialpedagogisk kompetanse i 80 prosent av timetalet som vedtaket omfattar
- Innføre ordning med forløpsdata for barnehagar og skular

### **c) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO.**

#### **Meld. St. 6 (2019–2020)**

Tidleg innsats betyr eit godt pedagogisk tilbod frå tidleg småbarnsalder, at barnehagar og skular arbeider for å førebygge utfordringar, og at tiltak vert sett inn straks når utfordringane vert avdekkja. Tiltak kan vere å tilretteleggje innanfor det ordinære tilbodet og/eller ved å setje inn særskilte tiltak. Det er eit vanleg anslag at det til kvar tid er 15–25 prosent av barn og unge som treng særskilt tilrettelegging. Nokon treng særskilt tilrettelegging i ein kort periode, andre treng det varig eller over lengre tid.

Stortingsmeldinga peikar på at for mange barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging ikkje får den hjelpa dei treng, og viser til at det er behov for ei langt meir systematisk og forpliktande tilnærming til barn og unge si læring enn vi ser i mange barnehagar og skular i dag (Nordahl et al. 2018).

Thomas Nordahl har utvikla ein modell for «læringsmiljø og pedagogisk analyse» (LP-modellen), som er ein modell for analyse av og systematisk arbeid med ein skule sitt læringsmiljø og pedagogiske utfordringar. Modellen byggjer på forskning og støtter seg spesielt til systemteori og inneheld problemstillingar retta mot læringsmiljø. Slike problem kan handle om lærer- elev eller elev- elev- relasjonar eller klasseleiing og struktur på undervisninga. Dette er grunnleggande tilhøve for positiv læring og utvikling. Forsking kan gi svar på kva praksis som kan gi best moglege resultat for bestemte målgrupper under eit sett av vilkår. Pedagogiske analysar kan avdekke ulike typar utfordringar eller problem i barnehage og skule.

Meld. St. 6 (2019–2020) viser til følgjande tiltak som det kan vere aktuelt å innføre i kommunen.


- Betre informasjonsoverføring mellom utdanningsnivå og tenester for å gi barn og elever best moglege overgangar
- Innføre ei plikt for kommunen til å vurdere norskkunnskapen til alle barna før skulestart, for å identifisere barn med behov for nærare kartlegging/ oppfølging
- Utarbeide og gjennomføre ei årleg undersøking om trivsel og læringsmiljø for 1.–4. trinn
- Gi kommunane moglegheit til å prøve ut nye modellar for fleksibel skulestart
- Plikt til å følgje opp elevar med høgt frávær i grunnskulen
- Endre regelverket for leksehjelp for å gi meir fleksibilitet til kommunane
- Utvide føresegna om intensiv opplæring i lesing, skriving og rekning for 1.–4. trinn til fleire trinn
- Skjerpe forskriftskravet til pedagogisk bemanning i barnehagen til minst ein pedagogisk leiar per seks barn under tre år og ein pedagogisk leiar per tolv barn over tre år (50 prosent barnehagelærar)
- Utgreie moglegheita for ei ny støttetjeneste som blant anna skal sjå på korleis PP-tenesta og helsestasjons- og skulehelsetenestene kan samordnast betre eller eventuelt slåast saman

## 5. Status i Øygarden kommune


Kvalitetsrapport for grunnskulen 2020-21 viser at det er ei utfordring at mange elevar scorar på det lågaste nivået på nasjonale prøver. Ein er spesielt uroa over at for mange elevar har for lågt meistringsnivå innan grunnleggjande ferdigheiter som lesing og skriving. I rapporten kjem det fram at det er sett inn mange faglege tiltak og satsingar både innafor språk og rekning, lokale tiltak på skulane og felles kommunale tiltak, men det kan sjå ut som at dette ikkje er nok for heve nivået i skulen.

Foreldra sitt utdanningsnivå har mykje å seie for skuleresultatet til elevane. Ekspertgruppa viser også til at det er systematisk samanheng mellom sosial bakgrunn og skuleresultat. I Øygarden kommune har om lag 25 % av befolkninga over 16 år grunnskule som einaste utdanning. Det set krav til organisering ved at skulen styrker laget kring lærar og elev slik at riktige tiltak kan setjast i verk tidleg når det er behov for det. Innsatsen skulen gjer styrker moglegheita barn og unge - uavhengig av bakgrunn - har til å leve eit sjølvstendig liv.

Kvalitetsrapporten peikar på at elevinvolvering, arbeid for eit trygt miljø og god vurderingspraksis ser ut til å vere viktige satsingsområde for å betre læringsmiljøet og heve kvaliteten i skulane. Dette samsvarar med tilrådde innsatsområde i sluttrapporten frå ekspertgruppa for skulebidrag *En skole for vår tid 2021*.



Tabell 1 Utvikling av resultat i lesing dei tre siste åra i Øygarden sett opp mot fylket og nasjonalt (Udir). Resultata vert oppgitt i gjennomsnittleg skalapoeng basert på eit nasjonalt gjennomsnitt på 50 poeng.




Tabell 2 Utvikling av resultat i rekning dei tre siste åra i Øygarden sett opp mot fylket og nasjonalt (Udir). Resultata vert oppgitt i gjennomsnittleg skalapoeng basert på eit nasjonalt gjennomsnitt på 50 poeng.




Motivasjon, elevdemokrati og medverknad er element som påverkar kvarandre og som alle er viktig for elevane si læring. Å setje fokus på elevmerknad vil vere viktig framover og kan bidra til å gjere elevane meir aktive i eigen læringsprosess, noko som igjen kan påverke og heve motivasjonen for skulearbeidet. Dette er spesielt viktig for gutane, der forskning viser at det er flest jenter som bruker tid på skulearbeidet<sup>3</sup>.

Motivasjon har ein dårleg trend både lokalt, i fylket og nasjonalt. Lokalt finst det elevar som viser interesse, men det kan sjå ut som det er for mange elevar som svarar at dei ikkje liker skulearbeidet spesielt godt og som ikkje prioriterer å bruke mykje tid på det. Det er fleire elevar på 10. trinn enn 7. trinn som manglar motivasjon til skulearbeidet.

Elevdemokrati og medverknad har ein svakt negativ trend i skulen lokalt i motsetnad til trenden i fylket og nasjonalt. Det er fleire elevar på 10. trinn enn 7. trinn som svarar at dei ikkje opplever medverknad. Det vil vere viktig å setje inn tiltak på dette området fordi medverknad og involvering heng saman med meistring og kan gjere elevane meir aktive i eigen læringsprosess.



Tabell 3 Utvikling i resultat for elevmotivasjon dei tre siste åra i Øygarden sett opp mot fylket og nasjonalt (Elevundersøkelsen Udir). Tala vert oppgitt i poeng på ei skala frå 1,0 - 5,1 der 5,1 er best.



Tabell 4 Utvikling i resultat for elevdemokrati og medverknad dei tre siste åra i Øygarden sett opp mot fylket og nasjonalt (Elevundersøkelsen Udir). Tala vert oppgitt i poeng på ei skala frå 1,0 - 5,1 der 5,1 er best.


<sup>3</sup> Arnesen, A. L., Lahelma, E., & Öhrn, E. (2008). Travelling discourses on gender and education. The case of boys' underachievement. Nordisk pedagogik, 28(1), 1-14

Når det gjeld mobbing har det vore ei svak positiv utvikling dei seinaste åra. I følgje Elevundersøkinga skjer ikkje mobbing så ofte, men det finst ei gruppe elevar som seier at dei har blitt mobba på skulen. Øygarden kommune ligg over både fylket og nasjonalt nivå på mobbing på 10. trinn.

Digital mobbing har hatt ei litt negativ utvikling dei siste to åra. Øygarden ligg tett opp til og litt over fylket og nasjonalt på digital mobbing. I følgje Elevundersøkinga skjer digital mobbing sjeldan, men det er ei lita gruppe elevar som seier at dei vert mobba.

Resultat frå Elevundersøkinga må sjåast over tid, men antimobbearbeidet må vektleggjast både i skule og barnehage gjennom observasjon, ulike program, internkontrollsystem og tiltak. Elevane må engasjerast aktivt i arbeidet med sosial kompetanse. Det er innarbeidd i samfunnsplanen for kommunen at MOT sine grunnverdiar skal leggjast til grunn for at ungdom skal kunne ha tru på egne krefter, kunne ta vare på seg sjølv og kvarandre og gjere val som hjelper dei til å meistre livet.

I etterkant av kommunestyret si hand-saming av kvalitetsrapporten er det laga ein



Tabell 5 Resultat for mobbing i Øygarden sett opp mot fylket og nasjonalt (Elevundersøkelsen Udir). Tabellen viser prosentdelen av elevar som opplever mobbing i omfang, ikkje kor ofte elevar vert mobba.

handlingsplan som omhandlar korleis skulen på kort sikt kan arbeide inn mot elevar som strevar med dårleg motivasjon og psykisk helse. Tiltaka i planen er delt inn i tema sosiale- og faglege læringsmiljø, og famnar om alle nivå i skulen. Handlingsplanen skal, både på kort og lang sikt, medverke til trivsel, læring og kvalitetsutvikling i skulen, og inneheld konkrete tiltak for å hjelpe skular eller klassar som over tid opplever dårlege resultat på nasjonale prøver.



## 6. Kva vil vi oppnå?

Utvalet vil ha forventningsavklaringar mellom dei ulike nivåa for skulen i Øygarden kommune. Det vert sett opp mål som skal liggje til grunn for arbeidet i skulane som er i tråd med tilrådinga i sluttrapporten frå ekspertgruppe for skulebidrag og *Samfunnsplanen for Øygarden kommune*.

Det er ei forventning om at alle skular og lærarar legg til rette for at dersom ein har heimearbeid, skal alle elevar meistre oppgåvene. Dette vert av mange omtala som å vere ein [leksebevisst skule](#). Målet er at elevane skal meistre heimearbeidet uavhengig av foreldra sitt utdanningsnivå. Å byggje på det kjente ([elaborering](#)) er eit godt pedagogisk prinsipp, som kan gjere at lekser og heimearbeid fremjar samarbeid mellom heimen og skulen, og styrkjer relasjonen mellom føresette og barn.

1. Alle skular har ein praksis kor elevane får delta i planlegging av eiga undervisning; elevar får val, påverknad og medansvar.
2. Alle lærarar har ansvar for og kompetanse til å bruke elevaktive læringsformer.
3. Øygarden skal vere ein føregangskommune i arbeid som førebyggjer mobbing, utanforskap og psykiske vanskar hos unge.
4. Det skal vere nulltoleranse for diskriminering, mobbing og rasisme.
5. Alle skular legg til rette for at alle elevar har nokon å samarbeide med og vert stimulerte til å utvikle venskap.
6. Lærarar har ansvar for og kompetanse til å utvikle gode relasjonar med elevar og foreldre. Dei har og ansvar for og kompetanse til å utvikle gode relasjonar mellom elevar.
7. MOT sine grunnverdiar skal leggst til grunn slik at ungdom har tru på egne krefter.
8. Alle barnehagar og skular følgjer rutinar for gode overgangar.
9. Skulebasert vurdering dannar grunnlag for kvalitetsutvikling i skulen.
10. Skular og barnehagar arbeider systematisk med kvalitetsutvikling som sikrar trivsel og læring.
11. Gjennom tidleg innsats i barnehage, barne- og ungdomsskule skal vi arbeide for at alle barn og unge i Øygarden er godt rusta til vidare utdanning og arbeidsliv.
12. Rett innsats på alle alderstrinn for alle elevar til rett tid.
13. Målretta tverrfagleg og tverretatleg innsats sikrar at ungdom fullfører skulegangen.
14. Fleire elevar gjennomfører vidaregåande opplæring.
15. I samarbeid med næringslivet skal barn og unge bli tidleg inspirert av relevante utdanningar og yrke. Vi skal aktivt bidra til at fleire fullfører grunnskule og vidaregåande opplæring, med høgt læringsutbytte.
16. Vi skal gjere barn og unge i stand til å ta gode val som bidrar til sunn fysisk, psykisk og seksuell helse.
17. Barn og unge skal ha tilgang til rike naturopplevingar, og auke si forståing for naturverdiane som finst i kommunen.
18. Tillit og dialog er sentralt i samarbeidet mellom skuleeigar og skule.



Foldnes skule  
Foto: Kjell Anderland

16. Vi skal gjere barn og unge i stand til å ta gode val som bidrar til sunn fysisk, psykisk og seksuell helse.
17. Barn og unge skal ha tilgang til rike naturopplevingar, og auke si forståing for naturverdiane som finst i kommunen.
18. Tillit og dialog er sentralt i samarbeidet mellom skuleeigar og skule.

Måla vert følgt opp med tiltak i handlingsplanen.

## 7. Forventningar

Utvalet har i fleire møte drøfta underliggjande dokumentasjon om vegvala vidare for å nå dei måla som er sett og har vurdert å dele inn ansvarsområda på tre nivå. Det fyrste nivået er skuleeigarane, dvs. både den politiske leiinga (kommunestyret) og den administrative leiinga (kommunalsjef for oppvekst). Det andre nivået er skuleleiarane, som er ein nøkkelfaktor i arbeidet med å utvikle skulen. Det tredje nivået er skulane. Når utvalet omtalar skulane, så omfattar det alle som arbeider i skulane og alle dei som er ein del av skulemiljøet, dvs. elevane og dei føresette. Det er også teke omsyn til miljøet i vurderingane. Tilrådingane er i hovudsak henta frå sluttrapporten frå ekspertgruppa for skulebidrag.

### 7.1 Forventningar til skuleeigar

For å sikre eintydig kommunikasjon og godt skuleeigarskap frå politisk og administrativ skuleeigar trengs ein ei tydeleg ansvars- og forventningsavklaring. Det må vere ein tett dialog og godt samarbeid mellom dei styrande organa; politikarar, administrasjon og skuleleiarar. Ansvar for å utvikle kvaliteten i skulen ligg både på skuleeigar og skuleleiar og det må skapast samanhengar mellom fagleg læringsmiljø og sosialt fellesskap. Eit mål med samarbeidet er å auke kommunens kunnskap om skulen

slik at arbeidet med kvalitetsutvikling er kunnskapsbasert.

Den politiske skuleeigar er synleg interessert og etterspør kunnskap om resultat og kvalitet, både frå det faglege- og sosiale arbeidet i skulane. Kunnskapen vert brukt til å vurdere framtidige avgjersler. Kvalitetsrapport der tala er presenterte og skildra vert etterspurd og analysert slik at utviklinga i skulen er i tråd med samfunnsutviklinga i årsbudsjett og økonomiplan. Den administrative leiinga har skulefagleg kompetanse og kompetanse til å utarbeide kvalitetsrapportar, ansvar for administrasjon, forvaltning og kvalitetsutvikling i skulen, og ser til at politiske vedtak vert følgt opp. Administrativ skuleeigar sikrar gode system for dialog, forankring og evaluering på alle nivå for gjere skuleleiarane gode. Skuleleiarane treng ein kombinasjon av positive forventningar og støtte gjennom dialog med skuleeigar. For å kunne bruke tal og resultat på ein god og konstruktiv måte må skuleeigar sørgje for at skuleleiarane får auka kompetansen sin innan skulebasert vurdering. For å sikre at arbeidet i skulen er kunnskapsbasert må kompetanse- og profesjonsutvikling verte prioritert, og administrativ skuleeigar legg til rette for erfaringsdeling og samhandlingsmønster for skulane gjennom profesjonelle nettverk og læringsfellesskap.




Foto:Mostphotos



### 7.1.1 Forventningar til politisk skuleeigar

- a. Sikre eintydig kommunikasjon frå politisk og administrativ skuleeigar om retning og vegval
- b. Sikre at dialogar mellom skuleeigar og skulane handlar om skulane sitt arbeid med skulebasert vurdering og elevinvolvering, i tråd med krav i opplæringslova § 133e
- c. Sikre at både skuleeigar og skuleleiar legg skulen sitt doble oppdrag til grunn i arbeidet med å vurdere og utvikle kvalitet
- d. Syte for at kommunen tolkar resultatdata på ein pedagogisk måte, slik at informasjonen kan brukast i utviklingssamtaler mellom skuleeigar og skuleleiar
- e. Skuleleiarane medverkar når kommunale plan- og styringsdokument for skulen vert evaluerte

### 7.1.2 Forventningar til administrativ skuleeigar

- a. Sikre at skulebasert vurdering ligg til grunn for den årlege kvalitetsrapporten
- b. Sikre at skuleeigar har rutinar for å identifisere skular som treng hjelp med drift og/eller organisering av utviklingsarbeid, og at dei har kompetanse til å hjelpe desse skulane
- c. Jamleg å evaluere eigne rutinar for oppfølging av skulane sitt arbeid med kvalitetsutvikling
- d. Styrke leiinga på alle nivå; kompetanseheving for skuleeigar og skuleleiar
- e. Sikre ein god overgang frå barnehage til skule
- f. Det vert teke initiativ overfor skular som over tid har låge resultat, høge mobbetal og liknande, og som ikkje kan dokumentere at dei har iverksett kunnskapsbaserte tiltak for å støtte undervisninga



Foto: Monica Hovland

## 7.2 Forventningar til skuleleiar

Ekspertgruppe for skulebidrag sitt klare råd er å satse på skuleleiar om ein skal lukkast med kvalitetsutvikling. Ein forventar at skuleleiarane er synlege og samarbeider med lærarane for å styrke relasjonane i skulen. Dei organiserer skulen for utviklingsarbeid og utviklar analysekompetanse slik at data kan presenterast på ein forståeleg måte i kollegiet. Resultata frå den skulebaserte vurderinga dannar grunnlaget for kvalitetsutviklingsarbeidet i skulen. Dei sørgjer for at alle på skulen får medverke; elevar, lærarar og leiinga. For at lærarane skal få brukt kompetansen sin og konsentrere seg om undervisninga og drive utviklingsarbeid vert det tilsett fleire yrkesgrupper i skulen. Andre yrkesgrupper, til dømes miljøarbeidarar, vil kunne ta meir ansvar for og støtte opp om det sosiale læringsmiljøet, som er ein viktig faktor i læringa til elevane.

1. Sikre at skulen gjennomfører skulebasert vurdering etter intensjonane og krava i opplæringslova § 133e, og at resultata frå den skulebaserte vurderinga vert brukt i skulen sitt kvalitetsutviklingsarbeid
  - Undersøke om lærarane opplever reell medverknad i skulekvardagen, og om dei opplever at dei får brukt og utvikle

kunnskapane og kompetansen sin

- Sørge for at skulen sin kunnskapsbase vert styrka og fornya, at den er tilgjengeleg for alle og inneheld kunnskap frå både erfaring, resultatdata og forskning
  - Undersøke om elevane opplever at dei har reelle moglegheiter til å påverke undervisninga og sin lærings-situasjonen
  - Ta initiativ til, saman med skuleeigar, å organisere eit lag rundt lærar og elev som sikrar at elevane får hjelp når dei treng det
  - Samarbeide med lærarane om å tolke og forstå resultatdata, og leggje ein plan for kva som må gjerast, og i kva rekkefølge det skal gjerast
2. Skuleleiar er resultatorientert, og følgjer opp skulane sine egne ambisjonar for elevane med støtte og oppmuntring
  3. Evaluere, ved hjelp av innspel frå lærar og elevar, om skulen er organisert for utvikling, og korleis erfaring, resultatdata og forskning vert brukt i utviklingsarbeidet



Foto: Pixabay

### 7.3 Forventningar til skulane

Ekspertgruppa for skulebidrag viser til at samordna innsats mellom aktørar og nivåa ser ut til å ha stor betydning for godt arbeid med kvalitetsutvikling i skulen. Skuleeigar, skuleleiar og lærarane må tenke langsiktig. Skulane skal sjå på dei sosiale og dei faglege faktorane som like viktig, men syte for å få orden på det sosiale livet i skulen først, slik at undervisninga og læringa skal fungere etter hensikta. Kjenneteikna ved profilen på dei skulane som lukkast er; opne dialogar, godt samarbeid, medverknad, einigheit om mål og retning, om kva som må gjerast og korleis det bør arbeidast. Det skal vere ro i skulen og opne prosessar der alle snakkar saman om korleis ein skal vere mot kvarandre og korleis ein vil ha det på skulen. Alle tilsette kjenner til aktivitetsplikta og observerer miljøet aktivt. Det er låg terskel for hurtig å setje inn tiltak ved behov.

I det profesjonelle læringsfellesskapet skal lærarane drøfte om korleis elevane får reell medverknad til å utforme aktivitetar, arbeidsmåtar, vurderingsformer og organisering av undervisninga. Dei samarbeider om å leie opplæringa på ein variert og strukturert måte, gir støtte til elevane og syter for at det vert skapt ein god læringskultur. Skuleleiarane må støtte og hjelpe lærarane i dette arbeidet slik at elevane opplever skuledagen som føres-

eieleg og stabil og læringsmiljø som trygt og inkluderande. Dette handlar både om haldningar og god fleksibel organisering.

Elevane deltek i kvalitetsutviklingsarbeidet både gjennom elevrådet, dialog i gruppe og utviklingssamtalar med læraren. Dei får jamleg vurdere undervisninga og er aktive i planlegging av læringsaktiviteter og val av arbeidsformer som kan styrke dei faglege. Dei har ei aktiv rolle i arbeidet med sosial kompetanse for å styrke dei sosiale fellesskapa.

Foreldra er engasjerte i læringa til elevane og støtter opp om skulearbeidet. Skulen har gode rutinar for foreldresamtalar og foreldra nyttar innsikta dei få i samtalanene til å støtte læringa til elevane. Foreldra får moglegheit til å bli kjende med kvarandre og barna til kvarandre og deltek på foreldremøte og sosiale arrangement.

1. Lærarane innhentar informasjon frå elevane om korleis dei liker best å lære, både gjennom samtalar og tilbakemeldingar på undervisninga. Lærarane drøfter dette i profesjonsfellesskapet og held skuleleiinga informert om tilbakemeldingane frå elevane. Når det trengs organisatoriske grep for å gjere undervisninga betre, handlar leiinga raskt.
2. Lærarane ber elevane om å gje tilbakemeldingar på undervisninga, fortel kva dei meiner kan bli betre, og sjølv ta initiativ til å kome med forslag til forbe-tringar. Elevane vert involverte i drøfting og oppfølging av resultatane frå elevundersøkinga.
3. Lærarane legg til rette for at elevane kan delta i elevrådsarbeid og skulen høyrer på elevane sine forslag. Skulen sitt elevråd innhentar aktivt synspunkt og forslag frå alle elevane og melder tilbake i møter der alle tilsette deltek.
4. Elevane får medverke i val av aktivitetar, arbeidsmåtar, vurderingsformer og organisering i undervisninga, i friminutt og andre sosiale aktivitetar i regi av skulen.
5. Elevane er med på å lage regler for korleis dei skal ha det i klassen/gruppa.



6. Skuleleiar og lærarane samarbeider om å styrke relasjonane i skulen. Sårbare elevar treng stabilitet og føreseielege rammer for å bli trygge, og skulen må framstå som truverdig.
7. Identifisere og følgje opp elevar med stort fagleg og/eller sosialt læringstap.
8. Bidra til foreldreinvolvering og god og tillitsfull dialog mellom skule og heim.
9. Sikre eit felles ansvar mellom heim og skule, og eit nært samarbeid om læringsmiljøet og læringa til elevane.
10. Skulen driv eit aktivt og førebyggjande arbeid, og elevane deltek aktivt i arbeidet med sosial kompetanse, t.d. gjennom ulike program og felles aktivitetar.
11. Skuleleiinga og lærarane arbeider systematisk med førebygging og følgjer opp aktivitetsplikta; følgje med, gripe inn, varsle, undersøke, setje inn tiltak og dokumentere.



Spildepollen skule  
Foto: Kjell Andersland

## 8. Handlingsplan


Utvalet sine tilrådingar er i hovudsak basert på sluttrapporten frå ekspertgruppe for skulebidrag. Utvalet har på den bakgrunn valt å dele inn ansvarsområda på tre nivå.

Det fyrste nivået er **skuleeigarane**, dvs. både den politiske og administrative leiinga.

Det andre nivået er **skuleleiarane** som er dokumenterte som den viktigaste faktoren for å lukkast med å heve kvaliteten i skulen.

Det tredje nivået omfattar alt **personell, elevane og foreldra** i skulane.

Det er lagt inn føringar på alle tre nivå om korleis ein skal lukkast med kvalitetsarbeidet i skulane. Planen tilrår ei rekke tiltak som kan nyttast som ei årleg sjekkliste i samband med handsaminga av kvalitetsrapporten for skulane.



Figur 2 Modell for skulebasert vurdering og utvikling. Anne-Merete Vabø Haugane



Ansvar	Forventningar	Tiltak
<p><b>7.1.1</b> <b>Politisk skuleeigar</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre eintydig kommunikasjon frå politisk og administrativ skuleeigar om retning og vegval</li> <li>• Sikre at dialogar mellom skuleeigarane og skulane handlar om skulen sitt arbeid med skulebasert vurdering og elevinvolvering, i tråd med krav i opplæringslova § 133e</li> <li>• Sikre at både skuleeigar og skuleleiar legg skulen sitt breie mandat og oppdrag til grunn i arbeidet med å vurdere og utvikle kvalitet</li> <li>• Syte for at kommunen arbeider med resultatdata på ein pedagogisk måte, slik at informasjonen kan nyttast i utviklingssamtalar mellom skuleeigar og skuleleiar</li> <li>• Skuleleiarane medverkar når kommunale plan- og styringsdokument for skulen vert evaluert</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ein årleg kvalitetsrapport vert handsama av skuleeigar om hausten</li> <li>• Handlingsplanen for framtidens skule vert gjennomgått og eventuelt justert kvart år i samband med kvalitetsmeldinga</li> <li>• Det vert sett av midlar i årsbudsjett til å følgje opp Handlingsplan for framtidens skule</li> <li>• Det vert vurdert søkt om midlar til prøveordning med heil-dagsskule for alle elevar på 1. – 4. trinn.</li> </ul> <p>Kommunen vil over tid erstatte ufaglærte assistentar med fagarbeidarar. Dette har først og fremst konsekvensar for ny rekruttering.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Skulane skal ha tilgang til fagpersonell som sikrer ulik kompetanse rundt den enkelte elev.</li> <li>• Elevane skal ha tilgang til helsehjelp.</li> <li>• Kommunalsjef-området vert styrkt med fagkompetanse for å bistå skulane.</li> <li>• Styrke tilbodet til elevar som treng ekstra tilrettelagt opplæring i eit eige kommunalt tilbod i skulen si regi</li> <li>• BTI-arbeidet vert styrka</li> <li>• Alle skulebiblioteka skal oppgraderast og styrkast</li> <li>• Knytte kontakt med nasjonale kompetansemiljø og starte opp arbeidet med å utgreie/innføre styrka leseopplæring – alle elevar les på 2. trinn</li> <li>• Det vert årleg sett av trivselsmidlar til skulane</li> <li>• Skulane skal følgje føringane og verdigrunnlaget i nasjonal rammeplan for SFO.</li> </ul>

Ansvar	Forventningar	Tiltak
<p><b>7.1.2</b> <b>Administrativ skuleeigar</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre at skulebasert vurdering ligg til grunn for den årlege kvalitetsrapporten</li> <li>• Sikre at skuleeigarar har rutinar for å identifisere skular som treng hjelp med drift og/eller organisering av utviklingsarbeid, og at dei har kompetanse til å hjelpe desse skulane</li> <li>• Jamleg å evaluere eigne rutinar for oppfølging av skulen sitt arbeid med kvalitetsutvikling</li> <li>• Styrke leiinga på alle nivå; kompetanseheving for skuleeigar og skuleleiar</li> <li>• Sikre ein god overgang frå barnehage til skule</li> <li>• Det vert sett inn tiltak for skuleleiarar som over tid har skular med låge resultat, høge mobbetal og liknande.</li> <li>• Leggje til rette for at skuleleiinga kan vidareutdanne seg gjennom til dømes nasjonal rektorutdanning</li> <li>• Leggje til rette for regelmessige kurs av personalet når det gjeld digitale program og løysingar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det vert innhenta årsmelding frå skuleleiarane om oppfølging av kvalitetsutvikling i skulane</li> <li>• Innføre ordning med forløpsdata</li> <li>• Innføre rutinar for å identifisere skular som treng hjelp med drift og/eller organisering av utviklingsarbeid. Administrativ skuleeigar må sette inn eigna tiltak for å hjelpe desse skulane.</li> <li>• Sørgje for at rutinar for gode overgangar frå barnehage til skule, barneskule til ungdomsskule vert følgd</li> <li>• Systematisere gode støttefunksjonar på tre nivå med tilpassa støtte i ordinær undervisning, intensiv opplæring i kortare periodar og spesialundervisning etter sakkunnig vurdering</li> <li>• Innføre faste dialogmøte mellom administrativt nivå, skuleleiinga og skulane</li> <li>• Utarbeide felles planar og strategiar; lesesatsing, skrive-satsing, reknesatsing</li> <li>• Bidra til å auke dei digitale ferdigheitene til elevar og tilsette</li> <li>• Skulane skal følgje føringane og verdigrunnlaget i nasjonal rammeplan for SFO.</li> </ul>

Ansvar	Forventningar	Tiltak
<p>7.2 Skuleleiar</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre at skulen gjennomfører skulebasert vurdering etter intensjonane og krava i opplæringslova § 133e, og at resultatdata frå den skulebaserte vurderinga vert brukt i skulen sitt kvalitetsutviklingsarbeid: <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Undersøke om lærarane opplever reell medverknad i skulekvardagen, og om dei opplever at dei får brukt og utvikla sine kunnskapar og sin kompetanse</li> <li>b. Sørge for at skulen sin kunnskapsbase vert styrka og fornya, at den er tilgjengeleg for alle og inneheld kunnskap frå både erfaring, resultatdata og forskning</li> <li>c. Undersøke om elevane opplever at dei har reelle moglegheiter til å påverke undervisninga og læringssituasjonen sin</li> <li>d. Ta initiativ til, saman med skuleeigar, å organisere eit lag rundt lærar og elev som sikrar at elevane får hjelp når dei treng det</li> <li>e. Samarbeide med lærarane om å tolke og forstå resultatdata, og leggje ein plan for kva som må gjerast, og i kva rekkefølge det skal gjerast</li> </ul> </li> <li>• Skuleleiar er resultatorientert, og følgjer opp skulane sine eigne ambisjonar for elevane med støtte og oppmuntring.</li> <li>• Evaluere, ved hjelp av innspel frå lærar og elevar, om skulen er organisert for utvikling, og korleis erfaring, resultatdata og forskning vert brukt i utviklingsarbeidet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dokumentere gjennomført skulebasert vurdering</li> <li>• Gjennomføre elevundersøkingane</li> <li>• Gjennomføre nasjonale prøver</li> <li>• Sørge for at skulane driv etter BTI-modellen, i god samhandling med føresette, helse, PPT, barneverntenesta og andre aktuelle aktørar.</li> <li>• Det vert innført brukarundersøkingar for foreldre og medarbeidarar</li> <li>• innføre Ungdataundersøkinga på mellomtrinnet i tillegg til 10. trinn</li> <li>• Koordinere eit lag rundt lærar og elev</li> <li>• Skuleleiar ivaretek dei tilsette med omsyn til vald og trugslar i profesjonsfellesskap</li> <li>• Halde fram arbeidet mot vald og truslar. Handlingsplan mot vald og truslar i skule og barnehage er ein del av dette.</li> <li>• Skulane skal følgje føringane og verdigrunnlaget i nasjonal rammeplan for SFO.</li> </ul>



Ansvar	Forventningar	Tiltak
<p><b>1.3</b> <b>Skulane</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lærarane innhentar informasjon frå elevane om korleis dei liker best å lære, både gjennom samtalar og som del av undervisninga</li> <li>• Lærarane ber elevane om å gi tilbakemeldingar på undervisninga, fortel kva dei meiner kan bli betre, og sjølv ta initiativ til å kome med forslag til forbetringar. Elevane vert involverte i drøfting og oppfølging av resultatane frå elevundersøkinga</li> <li>• Lærarane legg til rette for at elevane kan delta i elevrådsarbeid og skulen høyrer på elevane sine forslag. Skulen sitt elevråd innhentar aktivt synspunkt og forslag frå alle elevane</li> <li>• Elevane får medverke i val av aktivitetar, arbeidsmåtar, vurderingsformer og organisering av undervisninga</li> <li>• Elevane får medverke til val av aktivitetar i friminuttet og andre sosiale aktivitetar i regi av skulen. Dei er med på å lage reglar for korleis dei skal ha det i klassen/ gruppa</li> <li>• Skuleleiar og lærarane samarbeider om å styrke relasjonane i skulen. Sårbare elevar treng stabilitet og føreseielege rammer for å bli trygge, og skulen må framstå som truverdig.</li> <li>• Identifisere og følgje opp elevar med stort fagleg og sosialt læringstap.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lærarane har utarbeidd felles standardar og tydeleg struktur på opplæringa</li> <li>• Lærarar har klare reglar og rutinar og handhevar desse på ein venleg og trygg måte</li> <li>• Lærarane utarbeider felles rutine for korleis elevane får vere med på å medverke i val av aktivitetar, arbeidsmåtar, vurderingsformer og organisering i undervisninga</li> <li>• Skulane skal vera leksebevisste</li> <li>• Lærarane har rutinar for å innhente informasjon frå elevane om korleis dei liker best å lære, både gjennom samtalar og løpande i undervisninga</li> <li>• Aktiv elevmedverknad i planlegging av læringsaktivitetar og val av arbeidsformer som kan styrke dei faglege og sosiale fellesskapa</li> <li>• Leggjje til rette for at skulen sitt elevråd aktivt innhentar synspunkt og forslag frå alle elevane</li> <li>• Elevane er med på å medverke til val av aktivitetar, arbeidsmåtar, vurderingsformer og organisering i undervisninga</li> <li>• Bruke elevaktive læringsformer</li> <li>• Det vert innførte gode rutinar for å identifisere elevar og setje inn tiltak ved bekymringsfullt fråvær</li> </ul>

Ansvar	Forventningar	Tiltak
<p>Skulane forts.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bidra til foreldreinvolvering og god og tillitsfull dialog mellom skule og heim.</li> <li>• Sikre eit felles ansvar mellom heim og skule, og eit nært samarbeid om læringsmiljøet og læringa til elevane.</li> <li>• Skulen driv eit aktivt og førebyggjande arbeid, og elevane deltek aktivt i arbeidet med sosial kompetanse, t.d. gjennom ulike program og felles aktivitetar.</li> <li>• Lærarane arbeider systematisk med førebygging og følgjer opp aktivitetsplikta; følgje med, gripe inn, varsle, undersøke, setje inn tiltak og dokumentere</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forsterka språkopplæring for minoritetsspråklege elevar</li> <li>• Skulen hjelper foreldra med å bli kjende med kvarandre og barna til kvarandre</li> <li>• Foreldra får medverke i planlegging av foreldremøte - har innverknad på gjennomføring og tema som vert tatt opp</li> <li>• Skulen har skriftlege planar for eit trygt og godt skulemiljø</li> <li>• Skulen driv eit aktivt og førebyggjande arbeid, og sørgjer for at elevane deltek aktivt og får ansvar i arbeidet med sosial kompetanse, t.d. gjennom ulike program og felles aktivitetar</li> <li>• Skulen har nulltoleranse for diskriminering, mobbing og rasisme og arbeider for eit raust og inkluderande samfunn som fremjar identitet og fellesskap</li> <li>• Alle som arbeider ved skulen kjenner til og følgjer opp aktivitetsplikta og nyttar Trygg i fellesskap-modellen</li> <li>• Skulen skal ta ansvar for bruk av nærmiljøa, jf. Samfunnsplanen</li> </ul>

Utvalet vil tilrå at planen vert gjennomgått og eventuelt justert kvart år i samband med kommunestyret si handsaming av kvalitetsrapporten for skulane. Kommune- styret må i den samanheng vurdere å gjere naudsynte tilpassingar i forhold til dei måla som er sett for å heva kvaliteten i skulane. Slik kan planen ha eit langsiktig perspektiv.

### **Lenkje til nasjonale utgreiingar og styringsdokument:**

[En skole for vår tid- sluttrapport fra ekspertgruppe for skole- bidrag.](#)

[NOU 2015: 8 Fremtidens skole Fornyelse av fag og kompe- tanser](#)

[Fagfornyelsen](#)

[Skulebasert vurdering](#)





Brattholmen skule, 1950-talet  
Utlån: S. Andersson



